



Rune Natås
Sævråsvegen 302
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1417 - 19/20798

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2019

Landbrukssak GBNR 43/1 Natås - dyrkingssøknad

Saksutgreiing:

Det vert synt til søknad om nydyrking, motteke 09.05.2019

Dokument i saka:

- Søknad om nydyrking m/kart 1:3000, motteke 12.05.2019
- Uttale frå fylkesmannen i Vestland, motteke 29.05.2019
- Uttale frå fylkeskommunen i Hordaland, motteke 12.06.2019

Saka gjeld:

Rune Natås søker om nydyrking på eigedom 43/1 Natås. Arealet som skal nydyrkast er på ca 25daa. Området består av myr og er elles omkransa av skog, myr og utmark. Søkar driv i dag med sau. Garden og anna areal ligg i nærleiken og det nye området vil såleis verta ein god og viktig ressurs. Om ein ser fram i tid vil det nye arealet kunne produsera mykje grovfôr i nærleiken av driftsbygningen og i samheng med auka fokus på matproduksjon i Noreg og få nytta lokale ressursar er prosjektet særst positivt.

Lovverk: Saka skal handsamast etter forskrift om nydyrking.

Vurdering:

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt. konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar. I det siste har også dette med klimagassutslipp knytt til nydyrking av myr vorte problematisert. Som tidlegare omtalt har saka vore på høyring til regionale kulturmynde. Dei ser ingen grunnar til å stogga søknaden.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Området er elles omkransa av skog, myr og beite og øydelegg såleis ikkje noko andre viktige naturtypar.



Ved nydyrking skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsene.

Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Det positive med dette tiltaket er at ein styrker næringsgrunnlaget i landbruket og Matproduksjonen i Lindås kommune. Det er ei ynskja utvikling.

Konklusjon: På bakgrunn av dei fakta og vurderingar som ligg føre gjev ein søkjar løyve til nydyrkinga på gbnr 43/1.

Vedtaket: Lindås kommune v/landbrukskontoret gjev søkar Rune Natås løyve til nydyrking på gbnr 43/1 Natås. Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (telefon 55 23 90 00). Viss tiltaket ikkje er iverksatt innan 3 år frå motteke brev fell løyvet vekk.

Mynde :

Saka er handsama etter delegert mynde frå Rådmannen.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Med helsing

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om nydyrking - gbnr 43/1 Natås - Lindås kommune

AcosSvarInn.xml

Miljøfagleg kommentar - nydyrking - gbnr 43/1 Natås

Plan for grøfting av nydyrkingsareal

Manglande dokument til dyrkingssøknad - gbnr 43/1 Natås

ATT00001

Dyrkingssøknad Natås 43.1 Lindås kommune

Dyrkingssøknad gbnr 43/1 Natås

Mottakarar:

Mottakarar:
Rune Natås

Sævråsvegen 302 5957

MYKING